

Vengåa kraftverk, Rauma kommune – kommentar til uttalelser innkommet etter sluttbefaring

Det er kommet inn tilleggsuttalelse fra 3 høringsinstanser, nemlig Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttaler;

«Aktuelle vassdragsavsnitt har biologiske kvalitetar det er vel verdt å ta vare på. Etter omsøkte planar vil trugsmål mot desse fyrst og fremst vere redusert vassføring. Vi grip difor fatt i pålegg om minste-vassføring som avbøtande tiltak. Ut frå dei økologiske kvalitetane som ligg føre stør vi framlegget i den fiskeribiologiske granskinga om å auke minstevassføringa til 10-persentilen. Vengåa vil då kunne ivareta sin fiskeribiologiske funksjon som gyte- og produksjonsstad for anadrom fisk.»

Tiltakshavers kommentar;

I de tidligere kommentarene til Fylkesmannens høringsuttalelse mener tiltakshaver å ha kommet med grundige og holdbare vurderinger m h t minstevannsslipp og anadrom fisk. I kommentarene som ble innsendt til NVE i oktober 2011, skrev vi følgende;

Tiltakshavers kommentar om minstevann

Ulike slipp av minstevannføring påvirker kraftproduksjonen meget sterkt. Endringer er vist i tabellen nedenfor;

Minstevann	Sommer (1/5-30/9)			Vinter (1/10-30/4)			Kraftproduksjon			
	l/s	% av Q _m	GWh	l/s	% av Q _m	GWh	Total årsproduksjon (GWh)	Tap (GWh)	Tap (%)	Utbyggingspris (kr/kWh)
Omsøkt	75	8,4	10,5	75	8,4	2,8	13,3	-	-	3,2
5-persentil	306	34,5	9,1	55	6,2	1,5	10,6	2,7	20,3	4,0
10-persentil	442	49,8	8,3	81	9,1	1,1	9,4	3,9	29,3	4,5

Omsøkt minstevannsslipp er i helt i tråd med anbefalingen fra Miljørapporten fra 2008 der det står, sitat; «Vi vil likevel koma med framlegg om at alminneleg lågvassføring vert lagt til grunn for vassregimet og kjøremønsteret».

Vengåa kraftverk har i søknaden en midlere årsproduksjon på 13,3 GWh. Og med et utbyggingsbudsjett på 42,4 mill kr gir dette en utbyggingspris med god lønnsomhet på 3,2 kr/kWh.

Den høye 5-persentil på 306 l/s er en indikasjon på at det renner mye vann i Vengåa i om sommeren og utover høsten. Dette kommer av jevn smelting av sne fra fjelltoppene.

Av tabellen ser en at slipp av minstevann på 5-persentilnivå viser at produksjonstapet blir på 2,7 GWh, dvs. en utbyggingspris på 4,0 kr/kWh som også indikerer akseptabel lønnsomhet.

Slipp av minstevann på 10-persentilnivå utgjør 442 l/s, eller nesten 50 % av middelvannføringen (Q_m) på 888 l/s, dvs. et årlig produksjonstap på 3,9 GWh (29,3 % tap i forhold til omsøkt produksjon) og en utbyggingspris på 4,5 kr/kWh. En så stor minstevannføring gir en klart svekket lønnsomhet. Man skal være klar over at gjennom sommeren vil den naturlige vannføringen ofte være betydelig lavere enn dette nivået og miljøet i elva må uansett tilpasse seg en lavere vannføring.

Restfeltet har en avrenning på 126 l/s ved Vengåas utløp. Når turbinens minste slukeevne på 90 l/s og 5-persentilen på 306 l/s legges til er vannføringen på 522 l/s ved Vengåas utløp. Det er en kjensgjerning at elva i perioder om sommeren ofte har lavere vannføring enn dette og miljøet i elva vil være tilpasset en vannføring lavere enn 5- persentilen. 5- persentilen bør derfor gi en tilstrekkelig mengde vann for å opprettholde en levedyktig/sunn elv.

Det kan være aktuelt å slippe noe mer minstevann i de perioder da gyting pågår. Hvilke(n) periode(r) det er snakk fremkommer i e-post 02.10.2012 fra fiskebiologen som sier følgende, sitat;

«Har sett litt på dette med gytetida for sjørret, og det er om høsten det skjer, stort sett i oktober slik jeg antydte i telefonsamtalen. Gytetidspunktet kan nok variere noe fra landsdel til landsdel og fra elv til elv. Det er antatt at gytinga i elver som ligner mest på litt store bekker foregår over relativt korte tidsrom, da fisken oppholder seg i elva/bekken nesten bare i gytetiden. I større elver begynner den oppgangen ofte i juli, enkelte steder så tidlig som juni, så der kan den nok stå ganske lenge før den igjen søker til havs. Trolig går sjørreten opp i Glutra og blir værende der til tidspunktet for gyting nærmer seg, så trolig oppholder den seg i relativt kort tid i Vengåa.»

Et annet avbøtende tiltak fra fiskerapporten siteres;

«Eit anna avbøtande tiltak som kan vera aktuelt er å flytta kraftstasjonen oppover til omlag 250 - 300 m opp i Vengåa. På den måten vil ein unngå at Glutra vert negativt påverka av tiltaket, samstundes som ein får teke vare på den mest verdfulle delen av Vengåa. Om denne løysinga vert vald, bør det vurderast omlaupsventil for å unngå at det strandar fisk ved ein utilsikta stopp i kraftverket. Vidare kan ein redusera kravet til minstevassføring betydeleg om denne løysinga vert vald.»

Tiltakshavers kommentar til flytting av kraftstasjon.

Om flytting av stasjonen oppi Vengåa skulle ha beskyttende effekt for anadrom fisk, må stasjonen flyttes til ovenfor anadrom strekning, dvs. ovenfor vandringshinderet på kote 180. Med dette falltapet og minstevannsslipp på 5-persentilnivå vil årsproduksjonen bli på bare 5,2 GWh. Dette blir et dyrt og uinteressant alternativ for alle involverte parter.

Som nevnt ovenfor, mener tiltakshaver å ha fremlagt grundige og holdbare vurderinger m h t anadrom fisk og minstevannsslipp. Tiltakshaver ber derfor NVE om vurdere hvilken minstevannføring som skal gjelde ved en eventuell konsesjon for Vengåa kraftverk.

Møre og Romsdal fylkeskommune uttaler;

«På bakgrunn av synfaringa vil vi ikkje stille krav om arkeologisk registrering, men ber om at ein tek omsyn til gamle steingardar og vegfar langs rørgatetraséen. Vi føreset at kjerrevegen til kvernhuset blir restaurert etter graving.

Vi har elles ingen merknad til søknaden, men gjer oppmerksom på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, som t.d. kolførekomster etter blestring eller tjærebrenning, pliktår ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.»

Tiltakshavers kommentar;

Tiltakshaver tar uttalelsen til etterretning.


Naturvernforbundet uttaler;

Alternativ inntakssted, sitat fra uttalelsen;

«I Vengåa meiner vi at det finst moglegheit for alternativt inntak noko lenger ned i vassdraget. Løysinga vil klart vere meir krevjande enn den som er søkt om, men kan ved dei rette grepa truleg bli mindre konfliktfylt fordi avstanden til vanleg ferdselsåre blir større. Men vi forsto på synfaringsdagen at eit slikt alternativt prosjekt vil søkar motsette seg.»

Tiltakshavers kommentar;

Inntaksdammen er et beskjedent inngrep og får et vanddekt areal på 150 m². Det er ikke ønskelig å skjule inntaksdemning. Veifarende oppfordres til å stoppe opp og få kort informasjon om kraftverket, sjekke at rett minstevannføring bli sluppet over demningen.



Figur 1: Kartutsnitt fra øvre del av vannveien fro Vengåa kraftverk.

Av kartutsnittet ovenfor går det frem at rørgata skal gå parallelt med eksisterende vei. Denne skal benyttes ved nedgraving av vannrøret hvilket betyr redusert inngrep i marka. Om rørtraséen blir trukket ned mot elva får man et større inngrep, samt at rørtraséen vil stedvis berøre eller ødelegge kantvegetasjonen til elva, og det er ikke ønskelig.

Det skal ryddes opp skikkelig i rørtraséen etter at anlegget er ferdig. Rørtraséen skal ikke tilsås med fremmed vegetasjon, men revegeteres med stedlig vegetasjon ved at det øverste matjordlaget legges tilbake opp på rørgrofta.

Naturtypelokalitet bekkekløft, sitat fra uttalelsen;

«Ved synfaring i sommar har vi spesielt sett på elvelaupet frå inntaksdammen og ned til eit stykke nedanfor kvennhuset. På denne strekninga meiner vi at det er ein naturtypelokalitet av typen bekkekløft og ein av typen gråor-heggeskog som er oversett ved den biologiske kartlegginga. Desse lokalitetane går over i eit ravinelandskap som strekker seg heile resten av Vengåa nedover og vidare både nedover og oppover Glutra.

Øvste punkt av bekkekløfta er i elva på ca. 275 moh. og lokaliteten strekker seg omtrent ned til kvennhuset.

Når det gjeld artar langs denne strekninga kan nemnast mellom anna gulsildre, dvergjamne, fjelltistel, svarttopp og fjellfrøstjerne, alle artar som indikerer kalkinnslag, fordelt på fleire lokalitetar over ei strekning på kring 400 meter. I denne bekkekløfta har ein altså både basisk påverknad, i det minste flekkvis, og konstante fukttilhøve som gir eit visst potensial for meir interessante funn, kanskje først og fremst moseartar. Dette er ein usikkerheit som er knytt til vassføringa i elva. Her er det tale om ei tilpassing der artane tåler ordinære og ganske kortvarige periodar med lågare vassføring, men kan bli betydeleg negativt påverka om desse lågare vassføringane får lenger varigheit. Og det har altså ikkje lukkast oss å finne ut kor mykje vassføring som skal til for å oppretthalde fosserøyken vi kan sjå av bileta nedanfor.»

Tiltakshavers kommentar til naturtypen bekkekløft;


Man legger merke til at Naturvernforbundet ikke har påvist rødlistearter i bekkekløfta. Det betyr at bekkekløfta kan bare får verdi C – lokalt viktig, dvs. liten verdi noe som må få konsekvensvurdering liten negativ konsekvens.

Naturtypelokalitet gråor-heggeskog, sitat fra uttalelsen;

«På vestsida av elva, eit parti frå kvennhuset og oppover står det ein god del gråor, delvis ganske grov, med ein del ståande og noko liggande daudved. Vegetasjonen elles tilseier at ein har innslag av alle tre hovudutformingane, med anslag 20 % flaummark, 20 % strutseveng og 60 % ravedal. Av artsfunn her kan nemnast kvitsoleie, strutseveng, skogstjernblom, skogsvinerot, myske, turt og trollbær. Det blei observert så vidt litt innslag av lungenever og skrubbenever på gråor. Potensialet hadde vore større om det var klarare teikn til kontinuitet, men det er ein fuktpåverknad frå elva i kombinasjon med eldre gråor som gir noko potensial for mellom anna knappenålslav frå raudlista. Det blei elles funne to knappenålslavartar på kvennhuset. Skjellnål er ein vanleg knappenålslav, men vortenål er såpass sjeldan at han må nemnast spesielt, og reknast som indikatorart med tanke på meir sjeldne, fuktkrevjande artar.»

Tiltakshavers kommentar til naturtypen gråor-heggeskog;

Tresjiktet har svak kontinuitet. Lite læger. Naturtypen er ikke flompåvirket, men tilføres noe fuktighet i flomperioder. Heller ikke her er det påvist rødlistearter. Dvergspett, som benytter naturtypen mye p g a godt med insekter, er ikke påvist, verken av Naturvernforbundet, eller Miljørapporten til Bioreg. Isolert sett oppnår naturtypen verdi C – lokalt viktig, som betyr liten verdi og konsekvensvurdering liten negativ konsekvens.



Figur 2: Naturtypene bekkekløft (blått) og gråor-heggeskog (grønt). Kartutsnitt utarbeidet av Naturvernforbundet.

Naturtypelokalitet ravedal, sitat fra uttalelsen;

«Elles har vi registrert at det i løpet av sommaren har kome eit nytt faktaark for naturtypen ravine. Naturtypen er raudlista som VU sårbar, og har si hovudgrunngeving ut frå geologiske tilhøve. Langs Vengåa er det på lange strekningar morene, breelavsett masse og bresjøavsett masse. Desse kan sjåast som terrassar i terrenget. I desse terrassane har så elvene i området skore seg ned. Såleis ser ein ravinesider frå ca. 250 moh. og heile vegen nedover Vengåa til samløpet med Glutra. Langs Glutra er det ravinesider på båe sider av elva både ovafor samløpet og vidare nedover til forbi omsøkt kraftstasjon. I nedre delar av røytraseen har ein grunnare raviner knytt til tidlegare og noverande småbekkar i området. Dei høgaste ravinesidene vi kan sjå ligg litt opp i vassdraget, mellom høgde 170 og 240 moh. og er såleis opp mot 70 m høge. Til saman blir dette eit omfattande ravinesystem. Langs Yengeåa verker ravinen å vere så godt som urørt (kjerrevegen til kvennhuset er truleg største inngrepet). Langs Glutra er inngrepa fleire og større, likeeins langs delar av røyrgate-traseen. Men slike ravinesystem har ofte ganske store inngrep, så det er likevel mogleg at dette ravinesystemet må reknast som relativt urørt og med det verdifullt. Naturvernforbundet si vurdering av faktaarket for ravine tilseier at denne naturtypelokaliteten skal verdsettast til A - Svært viktig, både pga. utstrekning og høgde. Utstrekninga av ravinen bør elles klarleggast nærare, likeeins kva ein har av denne naturtypen elles. Vi trur det er lite kartlagd. Utan ei slik kartlegging og samla vurdering, bør ein avslå denne søknaden.»

Tiltakshavers kommentar til naturtypen ravinedal;

Ifølge definisjon i Rapport 2012-26 - Kopling rødlistede naturtyper og DN-håndbok 13, Miljøfaglig Utredning v/Geir Gaarder, gir størrelse på mer enn 1 km og dybde på ravinen på mer 15 m, eller forekomst av 2 rødlistearter i kategori VU, eller forekomst en rødlistearter i kategori CR eller EN høyeste verdi - A, dvs. nasjonalt viktig. Av uttalelsen til Naturvernforbundet fremgår det ikke helt klart hvilken størrelse naturtypen har. Det er kun utformingen med 70 m høye ravinesider som foreløpig kvalifiserer naturtypen til verdi A. Kartfesting av naturtypen hadde vært til hjelp.

Fiskeundersøkinga, sitat fra uttalelsen;

«Fiskeundersøkinga som no ligg føre syner at delar av omsøkte utbyggingsstrekning er verdifull for laksefisken si gyting. Vi vil peike på at ein må basere seg på at elva før eller seinare kan bli fri for Gyrodactylus salaris-smitta, og at ein då må legge til grunn det potensialet elvestrekninga då har. Vi ser av fiskerapporten at det blir tilrådd auka minstevassføring. Sjølv med auka minstevassføring kan det vere usikkert om gytepotensialet vil behaldast fullt ut.»

Tiltakshavers kommentar til fiskeundersøkelsen;

Dette tema er utførlig kommentert under Fylkesmannens uttalelse og vil bli kommentert ytterligere her.

Friluftslivet – gangbru, sitat fra uttalelsen;

«Ved synfaringa 10.12.2012 kunne dei som var med registrere ei gangbru over elva rett ovafor kvennhuset. Det blei opplyst at denne har samband med ei turløype. Denne fonna for friluftsliv har nok ikkje kome fram i nokon særleg grad så langt. Dei som går denne turløypa har ei oppleving av ein elvenatur som ein ikkje så lett kan oppleve elles. Mellom anna vil bruset frå elva og dei høge ravinesidene gjere at ein er heilt isolert frå bygda, enklaste måten for folk i Isfjorden for å kome seg ut i «øydemarka».

Tiltakshavers kommentar;

Tiltakshaver tar uttalelsen til etterretning.

Summen av mange moment, sitat fra uttalelsen;

«Det er mogleg at ingen av dei nemnte momenta aleine tilseier at søkte utbygging ikkje kan gjennomførast. Men det er ei rad moment som til saman tilseier at elva ikkje bør byggast ut, etter Naturvernforbundet si meining:

- Vassdraget ligg i gul sone i Rauma kommune sin vassdragsplan.
- Inntaksdammen kan ikkje gøymast bort, og vil då auke inntrykket av utbygginga i dalen.
- Nærføring av røytrase til veggen vil auke inntrykket av utbygginga i dalen ytterlegare.
- I bekkekløfta er det areal som er fuktpåverka avhengig av vassføring. Dette gir potensial for krevjande artar. Det er ikkje gjort konkrete funn, men det er heller ikkje gjort særleg mykje vurdering av spørsmålet.
- I gråor-heggeskogen er det såpass grov skog og såpass med daud ved at det så smått kan vere potensiale for litt meir krevjande knappenålslav. Funn av vortenål peiker i retning av at det kan vere mellom anna meir krevjande knappenålslav i dette området. Desse vil vere påverka av fuktigheit frå elva.
- Naturtypen ravine er representert i store delar av vassdraget. Røytraseen vil gå gjennom nokre passasjar av ravinesystemet, særleg nedre biten mot kraftstasjonen. Sidan ein har liten oversikt over denne naturtypen i regionen, er det eit behov for å vise varsemd med inngrep i denne.

- Fiskeundersøkinga tyder på at strekninga som vil bli fråført vatn kan ha ein betydeleg innverknad på Glutravassdraget si evne til reproduksjon av laks. Laksen møter mange andre trugsmål, så dette må tillegast stor vekt.

- I tillegg til friluftslivsverdi for dei mange øvst i området finst det rom for friluftsliv av høg kvalitet, om enn ikkje for så mange, spesielt rundt midtre del av omsøkt strekning.»

Tiltakshavers kommentar;

De enkelte argumentene er kommentert under sitater fra Naturvernforbundet sine uttalelser.